

Skitreninga godt igang

18.10.2010



Skientusiastane i bygda håpar naturleg nok på ein reprise av fjarårs-sesongen og førebels er dei godt i gang med grunntraininga.

Den skal i prinsippet gå føre seg utomhus, men det har så langt vore litt problematisk av vermessige grunnar.

Slik var det også i ettermiddag på grunn av eit skikkeleg regnskyll. Difor vart Aktivitetshuset treningsstad for dei rundt rekna 10 som møtte fram.

Dette var treningsøkt nummer 6 sidan treninga starta 6. september.

Frammøtet har vore bra, synest
leiinga - det har variert mellom 8 og 20.

(Foto: Ola Matti Mathisen)